

• Skiltane ver, men landbruksmessa vart vellukka for tredje året på rad

Investeringslyst blandt bøndene

MØRE-NYTT 25/4-17

– Om været hadde vore for godt så hadde folk blitt heime i staden for å kome hit. Sjølv om været ikkje var godt fredag hadde vi godt sal.

Det seier Ove Myklebust i Eiksenteret, som saman med A-K Maskiner, Felleskjøpet, Øye Maskin og Ørsta næringskontor, arrangerer landbruksmessa i Ørsta. Gjennom dei tre åra landsbruksmessene har blitt arrangert har det ikkje blitt fullklaft med været. På opningsdagen fredag fekk arrangørane og dei besøkande opplevde fleire årstider. Laurdag sneik sola seg fram fleire gonger, og besøket på Utstillingssplassen var godt. Landsbruksmessa har eit stort nedslagsfelt, og ein av dei som hadde lagt turen til Ørsta for å halde seg oppdatert på landbruksutstyr var Olav Lade og sonen Konrad frå Hellesylt.

– Eg måtte legge turen inn for å sjå, og det er viktig å halde seg oppdatert. I fjor passa det ikkje å ta turen hit, men eg var her for to år sidan.

– Blir det noko kjøp i løpet av dagen?

– Nei, ikkje akkurat i dag, men vi må sondere terrenget og sjå på dei nye modellane, sa Lade.

Alt innan jordbruksutstyr, rådgjeving og finansiering er representert når det blir invitert til landsbruksmessa. Kredittsjef Kenneth Jakobsen i Landkredit Finans var ein av utstillarane som berre har lovord om landbruksmessa.

– Vi likar oss veldig godt her på messa og har blitt invitert hit sidan oppstarten. Vi kunne ikkje haft det betre, og vi treff erein del kundar som vi ikkje treffer til vanleg. For oss som driv med finansiering er det og kjeikt å få sett utstyret, helse på dei besøkande og sjå kva som finst innan jordbruket, seier Jakobsen som understrekar at det er finansieringslyst blandt bøndene i dag.

Mange la turen innom Utstil-



HALDE SEG OPPDATERT: Olav Lade frå Hellesylt hadde lagt turen til landsbruksmessa i Ørsta saman med sonen Konrad laurdag. Her fekk oppdatere seg på nyaste innan jordbruksutstyr frå m.a. Svein Olav Lunde i A-K Maskiner.



KLOVING: Det var mange skodelystne då klovemaskina vart demonstrert under landbruksmessa laurdag.



TESTING: Moglegheitene til å sjå og prøve utstyr var mange. Her er det testing av utstyr til tømmerhogst.

lingsplassen laurdag der dei både fekk sett og demonstrert utstyr. Sjølv om det ikkje var så mange besøkande fredag vart det likevel godt sal for Eiksenteret.

– Vi var heldige og fekk selt to traktorar og ein del reiskap. Det var gledeleg. Laurdag var det skikkeleg godt med folk på messa, og eg vil seie at den så absolutt har vore vellukka. Dei som kjem hit ser seg rundt og orienterer seg for kva som finst på markanden. Det er eigentleg umogleg å måle direkte resultat av ei slik messe då ein kunde kan kome att om to år for å gjennomføre eit kjøp, seier Myklebust.

JOACHIM KROKEN ÅSEBØ
joachim@morenytt.no